

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 21.04.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/23	Utval for næringsutvikling og drift	07.06.2023

## **Søknad til Næringsfondet - Plastinvent AS - Automatisering og robotisering av produksjonen hos Plastinvent**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjekt Automatisering og robotisering av produksjonen vert tildelt kroner 100 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

### **Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:**

#### **Handsaming:**

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### **ND- 028/23 Vedtak:**

Prosjekt Automatisering og robotisering av produksjonen vert tildelt kroner 100 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

#### **Bakgrunn:**

Plastinvent AS er eit aksjeselskap. Bransje: 22.210 Produksjon av halvfabrikat av plast. Registrert 19.02.1995. Kjelde: Proff.no

#### **Saksopplysningar:**

Plastinvent er ei moderne industri- og produksjonsbedrift lokalisert i Alver kommune. Bedrifta har ti tilsette på fulltid og sju tilsette på deltid.

Bedrifta er delt i fleire hovudområde som omfattar rotasjonsstøyping, CNC maskinering, ekstruder og speilsveising av plate og rørkonstruksjonar samt montering og utføring av eksterne installasjonar hos kundar. Bedrifta sine hovudfokus områder er innan fiskeri, havbruk/oppdrett, olje og gass samt annan industri. Plastinvent har i tillegg oppdrag innan andre næringar.

Plastinvent har mål om å bli ein leiande produsent av rotasjonsstøypete produkt og skreddarsydd konstruksjonar av plast ved å tilby og levere dei produkt og tenester marknaden etterspør til ei kvar tid. Havbruk er ein veksande marknad både generelt og for Plastinvent og produkt for denne marknaden er viktige.

#### **Om prosjektet:**

Plastinvent vil no gjennomføre eit prosjekt der dei vil automatisere og robotisere produksjonen. I denne prosessen er verksemda tilknytt inkubatormiljøet i Industriutvikling Vest og bruker inkubatoren som rådgjevar. På leverandørsida har Plastinvent knytt til seg eit robotiseringsfirma samt programvareleverandør.

### Prosjektleveranse/Målsetting

For å vekse vidare og ta nye marknadsandelar må Plastinvent robotisere og automatisere produksjonen. Plastinvent kjenner ikkje til at det er nokon andre bedrifter i bransjen som har robotisert ekstrudersveising og dette er eit stort utviklingsprosjekt for bedrifta.

Prosjektet er tenkt gjennomført med følgande milepælar:

1. Planlegge prosjektet internt
2. Bedriftsbesøk med fokus på læring og idéar rundt robotisering
3. Ta kontakt med leverandør om moglege forslag til løysningar
4. Få inn ingeniørar og teiknarar for å planlegge bygg/konstruksjon i forhold til robotisering
5. Velje løysning og programvare

På denne måten kan verksemda effektivisere produksjonen ved å produsere større seriar med repeterande kvalitet/presisjon på produkta. Bedrifta vil dermed få større volum på kvar ordre samt nye kundegrupper. Dette vil styrke og skape behov for fleire arbeidsplassar i verksemda.

### Prosjektøkonomi:

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Automatisering og robotisering av produksjonen hos Plastinvent</b>	600 000	300 000	100 000

### Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Prosjektsøknaden viser høg grad av teknologi og innovasjon for å skape vekst og utvikling i selskapet. Ved å gjennomføre robotisering av produksjonen viser Plastinvent god evne til omstilling og nyskaping og ei slik utvikling vil bidra til vekst og arbeidsplassutvikling i verksemda.

### Vurdering:

Plastinvent har føresetnader og stort potensiale for å skape vidare utvikling og vekst i verksemda og Alver kommune ser svært positivt på at ein ønskjer å utvikle verksemda ved å ta i bruk ny robotisering og automatisering.

Etter ei vurdering samla sett er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og entreprenørskap, gir vekst i eksisterande verksemder, samt arbeidsplassutvikling i Alver kommune.

### Vedlegg i saken:

31.05.2023      Plastinvent søknad 19.04.23

1935165